Soknerådet på nyttårsmottaking i Nysæter kyrkje 03.01.2016

Dåpen var tema for prosten i Sunnhordland, Svein Arne Theodorsen, sitt føredrag i Nysæter kyrkje i dag.

Uskedal Soknerådvar i dag representert på prosten i Sunnhordland si nyttårsmottaking i Nysæter kyrkje på Stord. Årleg inviterer prosten, Svein Arne Theodorsen, til denne markeringa. Med på mottakinga er mellom anna medlemer frå soknerråd, og fellesråd, ordførarar, rådmenn, bedriftsleiarar, folkevalde på riksplan og medlemer i Fylkestinget.
Frå Kvinnherad møtte om lag 20 sendefolk.

Tema for samlinga var: Saman om dåp i folkekyrkja i Sunnhordland
Talet døypte born i prostiet er 630. Det er ein auke frå året før. I landet er det nedgang. Det same gjeld totalt for Kvinnherad.
Dåpen er viktig fordi det ofte er kyrkja sitt fyrste møte med barnet og foreldra.
Prosten synte til planen for trusopplæringa og la vekt på dåpssamtalen og korleis ein kunne skapa ei god og inkluderande ramme rundt dette med dåpen.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland